



Fløssvika Utvikling AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2122 - 17/20344

Saksbehandlar:
Arne Helgesen
HELA@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2017

Vedk. VA -rammeplan gbnr 196/141 m.fl. Fløssvika, Midtgård

Viser til motteken VA rammeplan for Fløssvika 04.07.2017.
Teknisk drift har følgjande kommentarar til innsend plan:

Pkt.3 : Vatn og avløpsanlegg, eksisterande og nye leidningar:

Eksisterande vassleidningar: Teoretisk vasstrykk ved PEL 440 er 5,6 bar og 4,8 bar ved PEL 0.
Dette på grunn av at det er reduksjonsventil på hovudvassledning på cote 2, der tykk blir reduser til 7 bar.

Nye vassleidningar:

V9 eksisterer ikkje i VA planen, det er kun to vasskummer, dette er V2 eksisterande og V10, ny.
Vassledning som forsyner gbnr. 195/61 og 239 vil bli forlenga fram til : her skal det vel vera VP3 og ikkje VP4 ?

I fordelingskummer, stikkleidningar VP1 til VP4 skal stoppekran tydeleg vera merka med skilt slik at ein enkelt kan finne ut kva stoppekran som går til dei enkelte bustadene. Vi gjer merksam på at det skal brukast bakkekraner på felles private stikkleidningar ut frå kommunale kummer V2 og V10. Her skal det også merkast med skilt kvar dei einskilde stikkleidningane går til.

Posisjonsliste V2 og V10: P5: Lindås kommune brukar vanleg brannventil med sluseventil under.
P8: her skal ein nytta bakkekran.

Spillvassleidningar:

Tilkopling av ny bebyggelse til spillvatn: K2 og K4 er vel i dag rettløpskummer. Dersom det er det, må kumbunner skiftast.

Eksisterande spillvassledning frå K2 til slamavskiljar må reingjerast og videokjørast for å dokumentere at denne pr. d.d. er ok. Dette pga. at veg skal hevast.

Private gråvassleidningar frå div. gbnr:

Her må det sendast inn rørleggjarmelding på tilkopling til off. kloakk på kvart gbnr.

Etter arbeidet er utført, må det også sendast inn ferdigmelding og dokumentasjon på at slamavskiljar er kopla ut.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi gjer merksam på at kommunen kostar siste slamtømming ved utkopling av eksisterande slamavskiljarar når dei vert koplå inn på kommunalt avløp.

Pkt. 4 Overvassleidningar og overvasshandtering

Når det gjeld overvatn er hovudprinsippet at mest mogleg skal fordrøyast på eigen grunn. Ein ønskjer difor ikkje at takrenner/parkeringsplassar osv. blir ført direkte inn på overvassleidning. Eksisterande overvassleidning endar i terreng sør/vest for slamavskiljar . Ein må vurdere om denne skal forlengast til sjø for å unngå utvasking av lausmassar.

Veggrøfter skal fungere som flomvegar. Her må ein sikre at det ikkje blir utvasking av lausmassar i området frå V10 til sjø.

Pkt. 5 Forholdet til eksisterande VA anlegg og borehol i planområdet

Ved ev. utbygging av området skal dei aktuelle gbnr. knytast til kommunal vassforsyning. Dette må skje i VP4, stikkleidningar til aktuelle gbnr. merkast med skilt.

Pkt. 6 Brannvassdekning

For dette pkt. vert det kravd eigen uttale frå brannførebyggjande avdeling, LMB.

Kommentar: lengste avstand frå uttak til brannobjekt er i planen omtrent 130 m. Krav til avstand i regelverk er 25/50 meter.

Her må brannførebyggjande avdeling uttala seg.

Pkt. 7 Offentleg og privat anlegg

Sjekk punktmerking

Pkt. 8 Krav til sluttdokumentasjon

Straks arbeidet er ferdig, og den nye hovudvassleidningen er sett i drift, skal det sendast inn komplett sluttdokumentasjon og kommunen overtek anlegget til eige, drift og vedlikehald.

Dersom ikkje hovudveg gjennom feltet blir asfaltert, står utbyggjar ansvarleg for ev. skader som er påført hovudanlegga for vatn og avløp.

Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjelmås VVS
Ole Johan Ingebrigtsen

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Mottakarar:

Fløssvika Utvikling AS

Ing Stein Hallgren Vva Planlegging

AS

Alvervegen 25

Tjuvikvegen 4

5911

5108

ALVERSUND

HORDVIK